



Arkivnr: 2014/15627-7  
Saksbehandlar: Lise Ådlandsvik

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet		12.11.2014
Fylkesutvalet		19.11.2014

## Strategi for innfartsparkering - høyringssak

### Samandrag

Forslaget til «Strategi for innfartsparkering – fram mot 2030» tek opp dei viktigaste elementa for å utvikle eit godt innfartsparkeringssystem i Bergensområdet. Ein grunnleggjande faktor for strategiarbeidet er at innfartsparkering må sjåast som ein del av kollektivtilbodet, og at fylkeskommunen sitt ansvarsområde gjeld det som vert omtala som dei overordna plassane. Strategien presenterer sentrale prinsipp som bør ligge til grunn for arbeidet med innfartsparkering, saman med forslag til vidare utvikling av tilbodet.

Høyringsfristen er sett til 31. desember, og slutthandsaming vert i fylkestinget i mars 2015.

### Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet vedtek å sende «Strategi for innfartsparkering» ut på høyring.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

### Vedlegg:

Strategi for innfartsparkering – fram mot 2030

Innfartsparkering i Hordaland – resultater fra spørreundersøkelse og nummerskiltregistrering, TØI rapport 1342/2014

Brukerbetaling for innfartsparkering, TØI

## Fylkesrådmannen, 28.10.2014

### Bakgrunn

Forslaget til «Strategi for innfartsparkering – fram mot 2030» tek opp dei viktigaste elementa for å utvikle eit godt innfartsparkeringssystem i Bergensområdet.

Bakgrunnen for strategien som no ligg føre var fylkesutvalet sitt vedtak av 23. juni 2011 (119/11) om å setje ned ei tverrpolitisk arbeidsgruppe for å arbeide med ein meir offensiv strategi for innfartsparkering. Følgjande vedtak vart gjort:

1. *Fylkesutvalet sluttar seg til ei vidareutvikling av innfartsparkeringstilbodet i Hordaland slik det er skissert i saka. Arbeidet må vidareførast for å stetta eit stadig aukande behov. Dette må gjerast i tett dialog med kommunane det gjeld.*
2. *Fylkesutvalet ber Samferdselsutvalet om at det vert sett ned ei tverrpolitisk representativ gruppe som skal arbeida med ein meir offensiv strategi for innfartsparkering i Hordaland. Administrasjonen skal vera sekretariat for gruppa.*

Med utgangspunkt i fylkesutvalet sitt vedtak peikte samferdselsutvalet 23. november 2011 (sak 66/11) ut følgjande medlemmer til arbeidsgruppa:

1. *Gustav Bahus (FrP, leiar)*
2. *Alf Helge Greaker (V)*
3. *Eli Berland (H) (Torill Eidsheim, H, → sept. 2013)*
4. *Atle Kvåle (A)*
5. *Tom Skauge (SV) (Pål Kårbø, KrF, → juni 2012)*

I tillegg til møter i den tverrpolitiske arbeidsgruppa, samt møter med aktuelle kommunar, vart det i september 2014 gjennomført eit fagseminar om innfartsparkering med politisk og administrativ deltaking. Som ein del av arbeidet har Hordaland fylkeskommune og delteke i Transnova sitt prosjekt i regi av Transportøkonomisk institutt (TØI), noko som har resultert i ein eigen rapport om innfartsparkering i Hordaland. Det er og utarbeidd eit notat om brukarbetaling som ei del av dette arbeidet, og begge desse dokumenta ligg som vedlegg til strategien.

### Kort om strategiforslaget

Ein grunnleggjande faktor for strategiarbeidet er at innfartsparkering må sjåast som ein del av kollektivtilbodet. Etablering av innfartsparkeringsplassar er såleis ikkje eit mål i seg sjølv, men i stor grad eit av fleire verkemiddel som skal bidra til å nå dei nasjonale og regionale måla for kollektivtrafikken.

I denne strategien ønskjer ein å tydeleggjere utfordringane knytt til innfartsparkering som verkemiddel, og kva for rådevilkår som ligg til grunn for fylkeskommunen sitt vidare utviklingsarbeidet når det gjeld innfartsparkering. Sentrale prinsipp som vert handsama er geografisk plassering, parkeringskapasitet, sambruksanlegg, brukarbetaling, finansiering, eigeomsforhold for anlegg og for vegareal, samt innfartsparkering for sykkel. Spørsmåla kring tilrettelegging for el-bil og parkering for menneske med nedsett funksjonsevne er og drøfta.

Eit viktig prinsipp i strategien er at fylkeskommunen sitt ansvarsområde gjeld dei overordna plassane. Dette inneber at det vert satsa på færre, større anlegg, og ikkje mange små, geografisk spreidde plassar.

Strategien ser fram mot til 2030, og har med det same tidshorisont som *Kollektivstrategien for Hordaland*. Måltala for vidare utvikling har teke utgangspunkt i 2001, og presenterer utviklinga fram til 2030. Det vert presentert tre ulike utviklingsbaner.

### Fylkesrådmannen sine kommentarar

Fylkesrådmannen rår til at Strategi for innfartsparkering – fram mot 2030 vert sendt på høyring slik den no ligg føre.